



## Notat

Dato: 02.07.2014  
Arkivsak: 2014/240-13  
Saksbehandlar: rolrose

---

**Til:** Samferdselsutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### Utgreiing av CO2 utslepp

På møte i samferdselsutvalet den 13. mai 2014 sette Tom Skauge fram slik oversending (forslag nr 2):

*Regjeringa har varsla at E39 skal byggjast etter statleig reguleringsplan for å unngå forsenkingar som skuldast lokale innsigelsar mot vegplanane. Samstundes kan klimautspel på Høgres landsmøte tyda på brei politisk semje om at klimatrusselen bør bli teke på alvor. Spørsmål til Fylkesrådmannen:*

- a. *Vil Fylkeskommunen eller Statens vegvesen ta initiativ til utsleppsanalyse av nyskapt CO2 utslepp og lokal luftforureining frå dei ulike delstrekningane for fergefri E39 med hensyn på utslepp ved byggjing?*
- b. *For Hordaland: Vil Fylkeskommunen eller Statens vegvesen ta initiativ til utsleppsanalyse av nyskapt CO2 utslepp og lokal luftforureining frå ferdsel på indre trase og midtre trase vurdert etter prognosar for ÅDT og for ulike aktuelle fartsgrenser.*
- c. *Vil Fylkeskommunen eller Statens vegvesen ta initiativ til utsleppsanalyse av nyskapt CO2 utslepp og lokal luftforureining frå ferdsel for ferjealternativet med aktuell ny motorteknologi?*
- d. *Vil Fylkeskommunen eller Statens vegvesen ta initiativ til utsleppsanalyse av nyskapt CO2 utslepp og lokal luftforureining fra vegtrafikk i Bergensdalen dersom nye E39 med bru over Bjørnefjorden skal gje 15 000 ÅDT inn mot Bergen sør slik prognosane viser. Dette er vel ei seksdobling av dagens trafikk over Halhjem – Sandvikvåg.*
- e. *Det skal vera tinga ein analyse frå SINTEF om å undersøka CO2 utslepp underteikna 17. juli 2013 med frist til 31. oktober 2013 med å levera eit "Prosjektnotat". Er dette klart for presentasjon til offentlegheita?*

På møte i utvalet svara samferdselssjefen fylgjande på spørsmåla, jfr møteboka.

«Håkon Rasmussen orienterte om det er staten som no har hånd om den vidare planleggjinga av E39. Spørsmåla som er stilte kan vera aktuelle å ta opp når forslaget til planprogram kjem på høyring.

Pkt e) i spørsmål 2 vil ein koma attende til.»

Frå Statens vegvesen har me fått fylgjande kommentarar til spørsmåla:

- a. Vil Fylkeskommunen eller Statens vegvesen ta initiativ til utslippsanalyse av nyskapt CO2 utslipp og lokal luftforurensing fra de ulike delstrekningene for fergefri E39 med hensyn  
Det er starta eit prosjekt som bereknar utsleppskonsekvensar av «Ferjefri E39». I prosjektplanen er det føresett leveranse 1.7., men det kan verte forseinka. Prosjektet har fokus på utslepp av CO2 og NOx, men vil vere fokusert på totale utslepp og vil i liten grad kunne nyttast til å vurdere konsekvensene på lokal forurensing (t.d. i Bergen).
- b. For Hordaland: Vil Fylkeskommunen eller Statens vegvesen ta initiativ til utslippsanalyse av nyskapt CO2 utslipp og lokal luftforurensing fra ferdsel på indre trase og midtre trase vurdert etter prognoser for ÅDT og for ulike aktuelle fartsgrenser.  
Regjeringa har beslutta at veg mellom Stord og Bergen skal gå over Bjørnafjorden, og vi vil ikkje gå vidare med berekningar på indre trasé. Prosjektet slik det ligg føre, bereknar effektar av bru over Bjørnafjorden.
- c. Vil Fylkeskommunen eller Statens vegvesen ta initiativ til utslippsanalyse av nyskapt CO2 utslipp og lokal luftforurensing fra ferdsel for fergealternativet med aktuell ny motorteknologi?  
Dette er vanskeleg å gjennomføre. I prosjektet er det forutsatt ein prosentvis minking i utslepp frå fergefåten over tid. Dette er imidlertid grove gjennomsnittstall som ikkje tek opp i seg paradigmeskifter i form av heilt ny teknologi. Erfaringane ved overgang til gassdrift er imidlertid interessante: Nytt drivstoff gjev nedgong i utslepp av mange klimagassar, for nokre av dei betydeleg nedgong. Samstundes er imidlertid overfartstida på sambanda seinka (farten er auka) og dette har redusert gevinsten betydeleg (og i nokre tilfelle faktisk gjeve auka utslepp).  
Statens vegvesen følgjer sjølvstakt med i data for utslepp frå ferjene med dei ulike teknologiane som finst (også elektriske ferjer), men har for tida ikkje planar om å lage ei eiga utgreiinga av dette i forhold til E39.
- d. Vil Fylkeskommunen eller Statens vegvesen ta initiativ til utslippsanalyse av nyskapt CO2 utslipp og lokal luftforurensing fra vegtrafikk i Bergensdalen dersom nye E39 med bro over Bjørnefjorden skal gir 15 000 ÅDT inn mot Bergen sør slik prognosene viser. Dette er vel en seksdobling av dagens trafikk over Halhjem – Sandvikvåg.  
Ein slik utsleppsanalyse er ikkje inkludert i den meir overordna analysen som vert gjort for «Ferjefri E39». Statens vegvesen har for øyeblikket ikkje planar om å gjennomføre dette. Etter Regjeringa si beslutning om valg av trasé for E39 mellom Stord og Bergen, har vi imidlertid starta opp med Kommunedelplanen for bru over Bjørnafjorden. I denne ligg ei konsekvensvurdering som vil berøre mange miljøtema, og utsleppsendringar som kjem som følgje av bygging av prosjektet vil vere ein naturleg del av denne utgreiinga.
- e. Det skal være bestilt en analyse fra SINTEF om på undersøke CO2 utslipp underskrevet 17. juli 2013 med frist til 31. oktober 2013 med på å levere et "Prosjektnotat". Er dette klart for presentasjon til offentligheten?  
Som beskrive i den vedlagde statusrapporten, er dette eit deloppdrag i klimaprojektet for «Ferjefri E39». Det er førebels ikkje levert nokon rapport, og resultatata frå dette deloppdraget vil verte offentleg saman med dei øvrige deloppdraga. Klimaprojektet skal levere sluttrapport 1.7.2014, men det gjenstår mykje arbeid og kan verte forseinka.

Vedlagt meldinga fylgjer notat om *Status for Klimaprojekt E39 og Prosjektplan for beregning av klimautslipp*.